

Quantiferon-TB (IGRA-TB)

Analysemetode

Quantiferon-TB Gold Plus frå Cellestis : Påvising av Interferon- γ ved hjelp av ELISA-analysemetoden IGRA (Interferon-Gamma-Release-Assay).

Indikasjon

Påvising av latent tuberkuloseinfeksjon.

Prøvetaking

Sjå [Quantiferon-TB \(IGRA-TB\), prøvetaking og prøvehandtering](#).

Prøvetakingsutstyr

4 røyr: Gul, lilla, grøn og grå kork.



Prøvevolum

Kvart røyr skal fyllast med 1 ml fullblod.

Oppbevaring før transport/haldbarheit

Sjå [Quantiferon - TB \(IGRA-TB\), prøvetaking og prøvehandtering](#).

Vurdering i laboratoriet

Referanseområde:

Negativ: < 0,26 IU/mL

Gråsone/Grenseverdi: 0,26 - 0,43 IU/mL

Lav positiv: 0,44 - 0,69 IU/mL

Positiv: \geq 0,70 IU/mL

Gråsona vil oppdaterast med jamne mellomrom og vil vera avhengig av analytisk variasjon målt ved laboratoriet. Siste oppdatering av gråsona er oktober 2016.

Tolking av funn:

- Positiv: Infeksjon med Mycobacterium tuberculosis er sannsynleg. Testen skil ikkje mellom aktiv og latent tuberkulose. Positivt resultat kan også sjåast ved infeksjon med enkelte andre

mykobakterieartar (M. kansasii, M. szulgai og M. marinum).

- Negativ: Infeksjon med M. tuberculosis er ikkje sannsynleg. Testen har relativt lav sensitivitet hos barn og personar med svekka immunsystem.
- Lav positiv: Resultatet er over cut-off, men på grunn av biologisk variasjon har funnet usikker klinisk betydning. Diagnostikk bør baserast på annan informasjon.
- Gråsone: Resultatet er nær cut-off, men på grunn av analytisk variasjon ved analysen kan ein ikkje konkludera endeleg. Ny prøve kan vera aktuelt for avklaring, alternativt må diagnostikken basera seg på annan informasjon.
- Inkonklusiv: Inkonklusivt resultat kan oppstå som følgje av tekniske forhold rundt prøvetaking og prøvebehandling eller som følgje av forhold hos pasienten, t.d. immunsvikt eller pågåande infeksjon. Ny prøve kan i enkelte tilfelle avklara situasjonen.

Forventa analysetid

Analysen blir sett opp 1-2 gonger pr veke

Feilkjelde

- Feil ved prøvetaking
- Feil ved oppbevaring, transport og handtering av prøvane
- Immunsvikt hos pasienten
- Annan pågåande infeksjon hos pasienten

Utførast av

Serologisk fagområde

Fagområde

Bakteriologi

Rekvisisjonsskjema

HF Skjema 1084

[Quantiferon-rekvisisjon](#)

Medisinsk fagleg ansvarleg

Reidar Hjetland

Sist oppdatert

12.12.2016 Gro Øren